



JM Norge AS
Postboks 453
1327 LYSAKER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14625 - 20/54516

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
02.09.2020

Ferdigattest utomhusareal Løpetona byggjefelt B2 - gbnr 323/509
Frekhaug

Administrativt vedtak: Saknr: 885/20
Tiltakshavar: Jm Norge AS
Ansvarleg søkjar: Tippetue Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for utomhusareal Løpetona byggjefelt B2 , gbnr 323/509.

Arealet må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.06.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.08.2020.

Skildring

Adresse:	Løpetona 131 - 139
----------	--------------------

Tiltak:	Utomhusareal med parkeringsplassar, interne vegar og felles renovasjonsanlegg
---------	---

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14625

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

JM Norge AS
Tippetue Arkitekter AS

Postboks 453 1327
Sandviksboden 5035
e 5

LYSAKER
BERGEN